



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestlandsutstillingen
Furulien 21
5101 Eidsvågneset

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	13.01.2017	15172/2018/151	Hilde Hernes Hovland, 71 28 03 01	14.02.2018

Vestlandsutstillingen har motteke treårig driftstilskot for 2018

Møre og Romsdal fylkeskommune har i kultur- og folkehelseutvalet sak KF-2/18 løyvd 130 000 kroner til Vestlandsutstillinga. Beløpet er delt opp i to terminar.

75 prosent av driftstilskotet blir overført så snart som mogleg, og resten blir overført når vi har motteke rapportering.

For Vestlandsutstillinga er det siste året med driftstilskot i denne treårsperioden. Søknadsfrist for den nye treårsperioden er 1. juni 2018, og alle som fortsatt ønsker treårig driftstilskot må søke. Fylkeskultursjefen vil invitere til informasjonsmøte våren 2018.

Når de tar imot tilskotet, godtar de samtidig vilkåra for kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

På side 2 i dette brevet finn de viktig informasjon om

- Vilkår for å få tilskot
- Krav til rapportering
- Kontroll
- Klagerett

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Hilde Hernes Hovland
kontorsjef

Brevet er elektronisk godkjent og signert.

Intern informasjon for fylkeskommunen:

- For utbetaling av 97 500 kroner (75%)/ 32 500 kroner (25%). Beløpet skal rekneskapsførast på budsjettpost 14701.50000.57.7712 (KG 23250550) og overførast til bankkonto nr 3624.34.86836, org. nr. 989 661 752.

Kopi:

Rogaland fylkeskommune	Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	Leikanger
Stiftelsen Kulturvartalet/KUBE	Apotekergt 16	6004	ÅLESUND

Vilkår for kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Det er stilt krav til føring og revisjon av rekneskap i organisasjonar og institusjonar som får tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det skal gå fram av årsmelding og **eigen post i rekneskapen** at det er motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Ved tilsegn over 200 000 kroner er det stilt krav om autorisert revisor ved innsending av rekneskap.
- Det skal gå fram av program, informasjonsdokument, rapportar og liknande at verksemda har motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Frist for å levere årsmelding og revidert rekneskap for 2017, og budsjett for 2018, er 30. juni 2018.
- Som prinsipp skal ein følgje fordeling mellom kommune/kommunar og fylkeskommune som er avtalt ved oppstart av eit tiltak. I spesielle tilfeller kan det gjerast ei anna vurdering.
- Ordninga med følgekort for funksjonshemma brukarar skal gjelde for dei opne kulturtilboda som tilskotsmottakarane står som arrangør av.
- Mottakarar av prosjekt- og driftstilskot skal så langt som råd vere tilgjengelege for alle, og bygge på prinsippet om universell utforming.
- Kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar gjer bruk av Kulturnett Møre og Romsdal sine tenester, www.mr.kulturnett.no
- Tilskotsmottakarar legg til rette for bruk av ordningane "kulturrabatt for ungdom".
- De må opplyse om organisasjonsnummer for å få tilskotet utbetalt.

Rapportering

- De må sende årsmelding, revidert rekneskap og budsjett til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga. Det skal gå fram av dokumenta at dei er vedtekne av årsmøte eller generalforsamling.
- Siste frist for rapportering er **30.06.2018**
- Sluttbetaling blir utbetalt når **godkjent rapportering** er motteke (sjå vilkåra over).
- Rapportering skal sendast i eiga sending til kulturavdelinga per post eller på e-post: post@mr fylke.no.

Om klage

Vedtak om kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune til institusjonar og frivillige organisasjonar er ikkje enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Dette betyr at det ikkje er moglegheit til å klage i slike saker.

Kontroll

Fylkeskulturavdelinga eller fylkesrevisjonen skal ha høve til å sette i verk kontroll med at midlane er eller blir brukt etter vilkåra (sak T-63/17, punkt 10).